

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **16.12.2016, kl. 08:30-09:30, 10:00 – 15:15**  
Møtestad: Scandic Sunnfjord Hotel, Førde

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## **Deltakarar frå styret**

Agnes Landstad	Fung. styreleiar
Atle Hamar	Fung. nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Liv Stave	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Geir Berge Øverland	Medlem
Berit Hornnes	Medlem

## **Deltakarar frå administrasjonen**

Jon Bolstad, administrerende direktør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Kjell Inge Solhaug, direktør drift og eigedom  
Berit Irene Haarklau, referent

## **Andre deltakarar**

Marit Solheim, forskingsleiar  
John Roger Andersen, forskar

## Sakliste

---

071/2016	Godkjenning av innkalling og dagsorden
072/2016	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.11.2016
073/2016	Administrerande direktør si orientering
074/2016	Rapportering frå verksemda per november 2016
075/2016	Budsjett 2017 – Helse Førde HF
076/2016	Investeringsbudsjett 2017 – Helse Førde HF

Saker til orientering:

067/2016	Rapportering om prosjekt i Helse Førde
068/2016	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde
077/2016	Eventuelt Skriv og meldingar

LUKKA DEL:

078/2016	Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn	Uoff. Helseføretaks- lova §26a, 2. ledd, nr. 2
079/2016	Arbeidsgjevartilhøve	Uoff. Helseføretaks- lova §26a, 2. ledd, nr. 2

Fung. styreleiar Agnes Landstad ønska styret, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord Hotel.

## 071/2016 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Fung. styreleiar Landstad leiar møtet og orienterte om dagsorden:

- Møte hadde først ein lukka del (kl. 08:30-09:30)
- Open del starta kl. 10:00
- Helse Vest RHF har oppnemnd Atle Hamar som fung. nestleiar i styret Helse Førde HF

Nye dokument til «Skriv og meldingar» var lagt på bordet.

### Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## 072/2016      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.11.2016

### Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenning og underteikna protokollen frå styremøte 18.11.2016.

## 073/2016      Administrerande direktør si orientering

### 1. Statssekretær besøk 4.1.2017

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om statssekretær Erlandsen frå Helse- og omsorgsdepartementet som kjem til Høgskulen 4. januar. Ho kjem også til ein arbeidslunsj og omvisning ved Førde sentralsjukehus.

### 2. Ny nettside for samhandling

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om ny nettside for samhandling, Samhandlingsnett, med ein portal for Formidling – informasjon og ein portal for Statistikk – kunnskapbank. I Sogn og Fjordane er det laga ei eiga nettside.

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

Det er etablert ei ny nettside knytt til Samhandlingsbarometeret. Også nytt med Folkehelsedata i barometeret. Her er samarbeid med kommunane og fylkeskommune m.fl. Andre helseføretak er også med. Nytt er at ein tilbyr kommunane hjelp til tolking og analyse.

### 3. ENOVA - støtte til Helse Førde m.v.

Direktør Solhaug orienterte om ekstramidlar til Helse Førde:

Tilsagn frå ENOVA om tilskot på 5,4 millionar

- Gjennomføring innan utgangen av 2019

ENOVA-tilskot – energileiing

- ENOVA-tilskot på 1,6 millionar
- Mål om å lage ein handlingsplan og redusere energikostander med 10%

Ekstraordinære sysselsettingsmidlar over statsbudsjett for 2017

- Truleg vil Helse Førde få i underkant av 5 millionar av dei midlane som blir tildelt Helse Vest

*Styret stilte spørsmål om eksempel på bruk av ekstraordinære sysselsettingsmidlar.*

### 4. Fjordomics – finansiering av forskingslaboratorium

Adm. direktør Bolstad orienterte om Fjordomics, eit prosjekt i Helse Førde som byggjer på forskning utført i samarbeid med bl.a. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Forskingslaboratorium – fullfinansiert – 12,6 mill kr!

1 million i innovasjonsmidlar frå Helse Vest. 1 million gjennom INU (Fylkeskommunen) har gjort det mogleg å kome dit vi er no. Det er no fullfinansiert ei maskin i nytt bygg på Marineholmen i Bergen (UiB). Helse Førde er sikra tilgang til avansert teknologi/ forskingslaboratorium i 6 år, og det vert etablert nye forskingsprosjekt med basis i denne teknologiske plattformen.

## **5. Forskings- og utviklingskontrakt, SKIWO og Helse Førde**

Adm. direktør Bolstad orienterte om forskings og utviklingskontrakt med SKIWO. Det er søkt Innovasjon Norge om støtte til pilotprosjekt i Sogn og Fjordane, og vi har fått tilsagn om 1,1 millionar til arbeidet. Mål med prosjektet er å få opp kvaliteten på tolketenestene og bidra til å etablere ei løysing som gjer det mogleg å velje kvalifiserte tolkar, også auke tilgjengelegheit.

Ein vil bygge vidare på eksisterande infrastruktur for telemedisin.

## **6. Status i Helse Førde i høve til bruk og dokumentasjon av tvang i psykisk helsevern**

Direktør Tvedt orienterte om status i høve til bruk og dokumentasjon av tvang i psykisk helsevern.

Oversyn tvang Helse Førde HF viser 97 vedtak hittil i år, dvs. 8,4%. Sogn og Fjordane brukar mindre tvang, samanlikna med regionalt og nasjonalt nivå. Det har vore ein internrevisjon i Helse Vest, og handlingsplan er ein del av det vidare arbeid. Rutinar i kvalitetshandboka skal sikre sakshandsaming og dokumentasjon.

Oppsummert status viser at alle institusjonar i Helse Førde er godkjende for bruk av tvang, utanom UPH. Helse Førde har låg grad av bruk av tvang samanlikna med andre helseføretak. Det er fokus på å redusere bruk av tvang ytterlegare, og det er tema i klinikkråd og avdelingsråd. Fagsjef deltek i tvangsløvsutvalget.

*Styret kommenterte at det ikkje var godt nok skilje mellom tvungen innleggelse i psykisk helsevern og bruk av tvang medan ein er innlagt.*

## **7. Oppfølging av ambulansesak**

Direktør Midtbø orienterte om oppfølging i ambulansesak (område sør). Det har vore gjennomført eit folkemøte på Værlandet kort tid etter at vedtaket var fatta. Mange frammøtte og stort engasjement. Vi skal besøke Atløy 19. desember, først med eit møte med politisk leiing i Askvoll kommune. Det er også planlagt eit møte i Fjaler før jul. Vidare er det planlagt møte med Solund i januar

To grupper er rigga for vidare arbeid: ei maritim gruppe og ei medisinsk gruppe. Desse to gruppene må samhandle.

## **8. Omdømmemåling 2016**

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om Helse Vest si omdømmemåling 2016, der Helse Førde jamt over gjer det godt og på nokre område betre enn i fjor.

## Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering

## 074/2016 Rapportering frå verksemda per november 2016

### Oppsummering:

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Kvalitet, aktivitet, økonomi og medarbeidarar*

Ventetid ventande er 30 dagar i november, og viser ein nedgang frå førre månad. Samla tal på ventande pasientar er 4642. Ventetid for starta behandling viser 51 dagar. Det er behandla 2594 pasientar i november. Samla er det registrert 21 fristbrot i november. Epikrisetider viser 95% i somatikk og 96% i psykisk helsevern. Korridorpatientar i november viser 10. Utskrivingsklare pasientar viser 22 i november.

*Styret etterspør oversikt om Direkte timetildeling i Helse Førde, samanlikna med dei andre føretaka, som ei oversikt til neste styremøte.*

#### Økonomi:

Helse Førde har eit budsjettavvik per november på minus 19,187 millionar kroner, med klinikkvis fordeling:

Kirurgisk klinikk	-27,002 mill
Medisinsk klinikk	-24,644 mill
Psykisk helsevern	+3,150 mill
Stab og støtte	+9,258 mill

Aktivitetsbaserte inntekter er så langt i år vore lågare enn venta. Det har vore ein nedgang i tal innlagte pasientar og dagbehandlingar samanlikna med budsjett og førre år. Kostnadane til medikament har auka dei seinaste månadene.

Brutto månadsverk i november var 2269. Netto månadsverk i november var 2079. sjukefråværet i oktober var 6,2%.

## Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per november 2016 vert teken til vitande.

## 075/2016 Budsjett 2017 – Helse Førde HF

### Oppsummering:

I statsbudsjettet for 2017 er det løyvd midlar til gjennomføring av Nye Førde sjukehus. Midlane er løyvd som lån og krev eigenfinansiering på 30 prosent. For å klare eigenfinansieringa må Helse Førde betre rekneskapsresultatet i åra framover.

Budsjettframlegget for 2017 syner eit overskot på 15 millionar kroner. Omstillingstakten vidare må være høg og konsentrert om dei områda som er definerte i pasientens helseteneste.

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om budsjett 2017.*

Profilen i budsjettet er:

- Pasientens helseteneste og Nytt Førde sjukehus
- Lågare aktivitet
- Dei økonomiske utfordringane i år

Tiltak i budsjettet:

- Det er særlege utfordringar i dei somatiske klinikkane, Den gylne regel
- Fleire av dei skisserte tiltaka er enno ikkje konkretiserte, Døgnprosjekt og Dyre timar
- Tiltaka vil påverke drifta vi har i dag

Område med særleg merksemd er:

- Lågare kostnader til løn
- Auka kostnader til medikament
- ISF for poliklinisk verksemd innan psykisk helsevern og rus

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret syner til saksframlegget og vedtek budsjettet for 2017, med dei inntekts- og kostnadsrammer som går fram av tabellen under.

Evt vesentlege endringar som følgje av konsernbudsjettvedtak vert å kome attende til.

Aktivitet	Budsjett 2017
LN01 - Basisramme	- 1 891 410
LN02 - ISF egne pasientar	- 583 018
LN034 - ISF-inntekt kostnadskrevjande legemiddel utanfor sjukehus	- 29 120
LN04 - Gjestepasientinntekter	- 20 642
LN05 - Polikliniske inntekter	- 29 916
LN06 - Utskrivingsklare pasientar	- 442
LN07 - Øyremerka tilskot psykisk helsevern	
LN071 - Øyremerka tilskot Raskare Tilbake	- 4 872
LN08 - Andre øyremerka tilskot	- 28 269
LN09 - Andre driftsinntekter	- 160 287
<b>Sals-og driftsinntekter</b>	<b>- 2 747 976</b>
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	133 572
LN12 - Kjøp av private helsetenester	20 824
LN13 - Varekost	237 740
LN14 - Innleigd arbeidskraft	21 236
LN15 - Lønn til fast tilsette	1 299 241
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	85 598
LN17 - Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift	280 825
LN18 - Off. tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 53 963
LN19 - Anna løn	197 763
LN20 - Avskrivningar	76 000
LN21 - Nedskrivningar	
LN22 - Andre driftskostnader	430 540
<b>Driftskostnader</b>	<b>2 729 376</b>
LN25 - Finansinntekter	- 1 400
LN26 - Finanskostnader	5 000
<b>Finansresultat</b>	<b>3 600</b>
<b>Resultat (minus er overskot)</b>	<b>- 15 000</b>

## 076/2016 Investeringsbudsjett 2017 – Helse Førde HF

### Oppsummering:

Føreslege investeringsbudsjett for 2017 er på 113,7 millionar, medan langtidsbudsjettet vedteke i mai la opp til å bruke 156 millionar i 2017. Reduksjon på 42,3 millionar skuldast i hovudsak at vi ikkje pådrar oss så store kostnader til forprosjekt «Nye Førde sjukehus» i 2017.

Hovudsatsinga i 2017 er ferdigstilling av Bygg aust. Bygget skal vere klart til bruk over sommaren 2017. Andre prioriterte prosjekt er ny kontorfløy ved Nordfjord psykiatrisenter og ny ambulansetasjon i Sogndal.

I tillegg til investeringar innan bygg er det i investeringsbudsjettet sett av midlar for medisinteknisk utstyr, IKT-infrastruktur og til nye ambulansar. Investeringsbudsjettet for

2017 er krevjande. Det kan bli naudsynt med omprioriteringar i løpet av året, og med særleg merksemd i høve MTU og ambulansar.

*Direktør Solhaug orienterte om investeringsbudsjett 2017.*

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2017:

<b>Investeringsbudsjett 2017 (tal i tusen kroner)</b>	
Byggeteknisk infrastruktur	7 700
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	58 000
Nye Førde sjukehus	13 700
<b>Sum</b>	<b>80 400</b>
Medisinteknisk utstyr (MTU)	23 000
IKT	1 700
Ambulansar	8 600
<b>Sum MTU og andre investeringar</b>	<b>33 300</b>
<b>Sum investeringar</b>	<b>113 700</b>

2. Styret ber administrerande direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøtet i mai 2017.



## Saker til orientering:

### **067/2016      Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

*Saka var utsett ifrå førre styremøte.*

Styret i Helse Førde har bedt om å bli jamleg orientert om statusen for prosjekt i Helse Førde.

Program og prosjekt i Helse Førde som har høg prioritet er:

- Pasientens helseteneste
- Alle møter
- DIPS Arena
- KULE
- DMA
- LIBRA
- PoPP
- CheckWare
- NORSE
- Pasientar med store, langvarige og samansette behov
- Nasjonalt helseatlas
- Nytt naudnett
- Bygg aust
- Investeringsporteføljen

*Styret kommenterte at ein ved seinare rapportering tek med det som er kartlagt for gevinstpotensiale og status for gevinstrealisering. Prosjekt Nye Førde sjukehus må ein ta med i det vidare arbeid.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå prosjekt i Helse Førde per november 2016 vert teken til orientering.

### **068/2016      Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

*Saka var utsett ifrå førre styremøte.*

Det har vore svært høg aktivitet knytt til søknadar om eksterne midlar i haust.

Forskingsleiar Marit Solheim orienterte om eksterne søknader:

- Bergen forskingsstiftelse: 12 millionar
- Norges Forskingsråd: 25 millionar (to søknader)
- Helse Vest sine årlege opne midlar. Fem søknader sendt
- Strategisk satsing i mindre føretak i Helse Vest, med søknadsfrist januar 2017

Forskar John Roger Andresen orienterte om arbeidet med søknader, og vidare arbeid med dei to søknadene til Forskingsrådet. Vidare arbeid med Metabolomics, fedmepoliklinikk og populasjonsstudie.

*Styret kommenterte at er det eit viktig steg at det vert søkt midlar frå Forskingsrådet.*

## **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitande.

## **077/2016      Eventuelt**

Fung. styreleiar Landstad stilte spørsmål om den vidare prosess med NOU 2016:25 (Kvinnsland-rapporten).

Adm. direktør Bolstad svara at det truleg blir ei høyringssak på rapporten til våren.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Samhandlingsnytt, desember 2016
- RHF styresak 130/16 Inntektsfordeling og resultatkrav 2017
- RHF styresak 135/16 Tenestetilbodet innan psykisk helsevern
- RHF styresak 141/16 Ambulansedekning og responstider i Helse Vest
- NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten

### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Protokoll frå drøftingsmøte 14.12.2016
- Protokoll frå FAMU 14.12.2016
- Årsmelding 2016 frå Brukarutvalet
- Innspel til ambulansesaka frå K. Landøy
- Møteplan og årsplan 2017 for styret
- Styresamansetting - oppdatert liste

LUKKA DEL:

*Uoff. , jf. Helseføretakslova §26a, 2. ledd, nr. 2*

**078/2016      Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn**

**Vedtak (samrøystes):**

Administrerende direktør si løn blir regulert opp med 2,4 % med verknad frå 01.01.2016.

**079/2016      Arbeidsgjevartilhøve**

**Vedtak (samrøystes):**

Styret vedtek taushetsplikt frå styret si behandling av saka.

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Fung. styreleiar

---

Atle Hamar  
Fung. nestleiar

---

Helge E. Bryne

---

Harry Mowatt

---

Liv Stave

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Geir Berge Øverland

---

Berit Hornnes